

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no

Vestland fylkeskommune
v/ fylkesordføreren

Bergen 25.4.2019

SØKNAD OM DRIFTSSTØNAD FOR 2020

Takk for kr 150.000,- frå Hordaland og kr 50.000,- frå Sogn og Fjordane i driftsstønad pr år dei siste åra, samt ekstra jubileumsgåve på kr 40.000 frå Hordaland og kr 25.000 frå Sogn og Fjordane i samband med Kirkens SOS Bjørgvin sitt 40-års jubileum hausten 2019!

I samband med etableringa av nye Vestland fylke vonar vi at driftsstøtta til Kirkens SOS Bjørgvin sitt sjølvmoordsførebyggande arbeid vert ført vidare og gjerne styrka. Vi veit at tenesta reddar liv, og gjev livsmot og håp til svært mange av innbyggjarane i regionen vår.

Kirkens SOS Bjørgvin er eit døgnopent tilbod til alle og Kirkens SOS på landsbasis står for halvparten av all hjelpetelefonti i Noreg. Med 130 frivillige og 4,1 tilsette lokalt leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har 72 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoordstankar er tema i 50 % av chatsamtalene, i 43 % av SOS-meldingane og i 2.253 av telefonsamtalene i 2018.

- I 2018 svarte Kirkens SOS Bjørgvin totalt på 22.709 telefonsamtaler, 2.088 chatsamtaler og 1.573 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi og er heilt avhengig av økonomisk støtte.

Kirkens SOS Bjørgvin opplever at folk frå alle kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane tek kontakt. Vi søker derfor Vestland fylkeskommune om driftsstønad for år 2020 på kr 250.000,-. Det er same nivå som samla driftsstønad frå dei to fylka i 2015 justert med KPI.

Med helsing

Greta Gramstad
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding med rekneskap for 2018 samt budsjett for 2012